
Saksnr: 2020/61704-1
Saksbehandlar: Einar Ulla

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Forvaltningsrevisjon HMT og inkluderande arbeidsliv - oppfølging av vedtak

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vurderer fylkestinget i Sogn og Fjordane sitt vedtak i FT-sak 1/2019 pkt. 3 til å vere ferdig oppfølgt

Samandrag

Denne saka er oppfølging av pkt. 3 i fylkestinget i Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt vedtak i FT-sak 1/2019. Dei øvrige punkta i denne saka vart utkvittert av kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune hausten 2019. Fylkesrådmannen viser med sitt svar at det har vore gjort eit grundig arbeid og at fylkestinget sitt vedtak med dette kan vurderast som ferdig oppfølgt.

Hogne Haktorson
KontrollsjefEinar Ulla
Seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Rapport etter forvaltningsrevisjon HMT og inkluderande arbeidsliv

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Sogn og Fjordane fylkeskommune (SFFK) gjennomførde forvaltningsrevisjon av HMT og inkluderande arbeidsliv i 2018/2019. Fylkestinget behandla rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon 24.04.19 i FT-sak 1/2019, og vedtok følgjande:

1. Rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon HMT og inkluderande arbeidsliv vert teken til etterretning
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen:
 - a. Tydeleggjere fylkeshovudverneombodet si rolle ytterlegare
 - b. Sikre at det vert valt verneombod i alle verneområde
 - c. Ferdigstille følgjande påbyrja tiltak:
 - i. Sikre at det jamleg og i samarbeid med arbeidstakarane og deira tillitsvalde blir utarbeidd risikovurderingar, mål og handlingsplanar i alle einingar, inkludert risikovurderingar knytt til vald og truslar
 - ii. Sikre at risikovurderingar og handlingsplanar blir utarbeidd med tilstrekkeleg kvalitet, og i samarbeid med dette vurderer auka krav til bruk av fylkeskommunen sine malar
 - iii. Sikre at rutinar og malverk kontinuerleg vert oppdatert i høve til gjeldande regelverk og organisering
 - iv. Sikrar at fylkeskommunen etterlev krav til registrering av personskadar og at registeret er kjent og tilgjengeleg for verneombod og arbeidsmiljøutval
 - v. Sikre at det blir gitt nødvendig opplæring
 1. I høve vald og truslar om vald
 2. Kva som er å rekne som avvik og korleis dette skal meldast
 3. Verneombod og leiarar
 - vi. Syte for at frikjøpsordninga blir vurdert. Dette for at vernetenesta skal kunne ivareta si rolle.
 - d. Sikre at rutinar og malverk vert oppdaterte i høve til gjeldande regelverk og organisering
 - e. Sikrar at fylkeskommunen etterlev krav til registrering av personskadar og at registeret er kjent og tilgjengeleg for verneombod og arbeidsmiljøutval
 - f. Etablere skriftlege rutinar som skal sikre etterleving av regelverk i samband med planlegging og gjennomføring av organisasjonsendringar
 - g. Etablere eit avvikssystem som gir oversikt over avvik i heile fylkeskommunen og som kan nyttast til utvikling og forbetring av tenestene
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å sikre at følgjande tiltak vert teke med og implementert i nye Vestland fylkeskommune
 - a. Sikre at rutinar og malverk vert oppdaterte i høve til gjeldande regelverk og organisering
 - b. Sikrar at fylkeskommunen etterlev krav til registrering av personskadar og at registeret er kjent og tilgjengeleg for verneombod og arbeidsmiljøutval
 - c. Etablere skriftlege rutinar som skal sikre etterleving av regelverk i samband med planlegging og gjennomføring av organisasjonsendringar
 - d. Etablere eit avvikssystem som gir oversikt over avvik i heile fylkeskommunen og som kan nyttast til utvikling og forbetring av tenestene
4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen rapportere status på oppfølginga med eventuelt vidare framdrift innan 31. august 2019 til kontrollutvalet

Kontrollutvalet i SFFK behandla oppfølging av rapporten 1. oktober 2019 i KU-sak 50/19, der det vart gjort følgjande vedtak:

1. Rapport datert 31. august 2019 etter oppfølging av forvaltningsrevisjon av HMT og inkluderande arbeidsliv vert teken til orientering
2. Kontrollutvalet vurderer arbeidet som er gjort så langt til å vere grundig
3. Kontrollutvalet ber om at tiltaka i pkt. 3 i fylkestinget sitt vedtak vert følgt opp av kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp fylkestinget sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

Vurderingar og verknader

Sekretariatet har hatt kontakt med administrasjonen for oppfølging av vedtaket som fylkestinget i SFFK gjorde i FT-sak 1/2019. Vi har mottatt følgende statusrapport:

*Viser til hyggelege samtale på fredag. Eg kommenterer her dei punkta fylkestinget i Sogn og Fjordane ønskte skulle svarast ut av Vestland fylkeskommune.
Tiltak nr. 3 i fylkestinget sitt vedtak i FT-sak 1/19 var slik:*

3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å sikre at følgjande tiltak vert teke med og implementert i nye Vestland fylkeskommune
 - a. Sikre at rutinar og malverk vert oppdaterte i høve til gjeldande regelverk og organisering
 - b. Sikrar at fylkeskommunen etterlev krav til registrering av personskadar og at registeret er kjent og tilgjengeleg for verneombod og arbeidsmiljøutval
 - c. Etablere skriftlege rutinar som skal sikre etterleving av regelverk i samband med planlegging og gjennomføring av organisasjonsendringar
 - d. Etablere eit avvikssystem som gir oversikt over avvik i heile fylkeskommunen og som kan nyttast til utvikling og forbetring av tenestene

3a) Sidan utgangen av 2019 har det vore arbeid kontinuerleg med å legge rutinar, prosedyrar og regelverk inn i fylkeskommunen sitt nye kvalitetssystem. Det nye styringssystemet for kvalitet og HMS er no klart til bruk, og ein finn det på intranett. Kvalitetssystemet består av ei e-handbok med rutinar og reglar som gjeld for alle tilsette i Vestland fylkeskommune. Her kan alle melde inn avvik og ulukker på arbeidsplassen, og dessutan varsle om kritikkverdige forhold.

Det nye systemet skal gjere oss betre på å førebygge uhell og skadar og forbetre måten vi arbeider på i Vestland. Det skal hjelpe oss med å oppnå måla for kvalitet, helse, miljø og sikkerheit.

– Gjennom styringssystemet for kvalitet og HMS vil vi sikre at det no berre er éin gjeldande versjon av viktige rutinar og prosedyrar for Vestland. Det nye systemet gjer det òg enklare å rapportere avvik, noko som betyr at vi kan ta tak i desse sakene på ein betre måte, seier HR-direktør Hilde M. B. Withammer.

3b) Det er arbeid med utvikle ein avviksmodul der registrere personskadar og at dette vert lagt i eit registeret som skal vere open og tilgjengeleg for vernetenesta (verneombod og arbeidsmiljøutval). Avvikssystemet har ei eiga kategori for registrering av personskade og yrkessjukdom. Det vil vere mogeleg å ta ut rapportar på alle nivå slik at vi får den naudsynte kunnskapen ut av desse registreringane.

3c) Vårt nye kvalitetssystem har vore utvikla parallelt med organisasjonsendringane vi alle har gjennomført i overgangen frå to sjølvstendige fylkeskommunar til Vestland fylkeskommune. I prosessane har det vore gjennomført fleire større og mindre ros-analysar for å vere i forkant av potensielle hindringar/utfordringar i prosessen. Samtidig som internkontrollen i praksis blir tilpassa slik at vi fullt ut kan nytte oss av det nye kvalitetssystemet ut i heile organisasjonen har innarbeide rutinar halde fram. Det har sikra ein kontinuitet samtidig som vi går over til meir tidsrette verktøy og kvalitetssikring i alle lekk.

3d) Vårt nye kvalitetssystem er lagt til rette for registrer avvik eller forbedringsforslag. Her fangar vi opp registreringar om brot på interne prosedyrar, rettleiing og opplæring, brot på lovverk, forskrifter og lokale avtaler eller avvik kring informasjonssikkerheit/personvern, HMS regelverk skader på materielt utstyr og eigedom, uønskt utslepp i indre og ytre miljø samt personskadar og sjukdom.

Sekretariatet har i oppfølginga av denne saka tatt direkte kontakt med Arvid Stenehjelm, som var sentral i oppfølginga av denne forvaltningsrevisjonsrapporten hausten 2019. Den vanlege prosessen for oppfølging er at sekretariatet tek kontakt med fylkesrådmannen for å få svar på oppfølginga etter fylkestinget si behandling av forvaltningsrevisjonsrapportar. Sekretariatet sendte derfor e-post til fylkesrådmannen 18.08.2020 der prosessen ved denne oppfølginga var skissert med ein frist for

tilbakemelding om oppfølginga av saka. Fylkesrådmannen har ikkje gitt noko tilbakemelding ut over det vi har motteke frå Stenehjem, slik at vi går ut frå at svaret frå Stenehjem kan leggast til grunn i behandlinga av oppfølginga.

Arvid Stenehjem har etter å ha motteke førespørjing frå sekretariatet sendt eit godt gjennomarbeidd svar til sekretariatet, og viser at det er gjort eit godt og grundig arbeid med oppfølginga av vedtaket i FT-sak 1/2019. Sekretariatet vurderer fylkestinget sitt vedtak til å vere oppfølgt.

Konklusjon

Det er gjort eit godt arbeid med oppfølginga av denne forvaltningsrevisjonen, og pkt. 3 i fylkestinget sitt vedtak vert hermed vurdert til å vere ferdig oppfølgt.